



Kompetanseprogram for kriseleiarar

Psykososial ivaretaking: Relasjonar og det mellommenneskelege perspektivet

April 2024 - april 2025

RVTS Vest tilbyr eit kompetanseprogram om psykososial kriseleiing, kor det primære fokuset er på det mellommenneskelege perspektivet.

Målgruppe

Kriseleiarar i offentlege verksemder, leiarar av kriseteam og øvrig kommunal kriseleiing, grupper med innsatspersonell (helse, politi), forsvaret, frivillige organisasjonar og andre relevante etatar.

Mål

Hovudmålet med programmet er at deltakarane utviklar sin mellommenneskelege kompetanse som kriseleiar og får betre grunnlag for å lykkast når det skjer ei krise.

Omfang

Kompetanseprogrammet går over eitt år, og inneheld 4 samlingar á 2 dagar og ei 3-dagars-samling.

Relasjonar, kommunikasjon og samspel kan by på problem for dei fleste av oss i arbeidskvardagen. Dette kan vere ekstra utfordrande, og samtidig avgjerande når vi må handtere kritiske hendingar.

Kriseleiing inneber to sentrale utfordringar; 1) konsekvensane av sjølve hendinga(ne) i samspel med avgjerdene som vert fatta, og 2) møte med sterke emosjonar.

Å ta avgjerder under ei pågåande krise har ofte større konsekvensar enn i normalsituasjonar. Lav kvalitet på kriseleiing blei faktisk sett på som meir avgjerande enn mangel på ressursar, behov for ny lovgjevnad, organisering eller store verdival etter 22-juli terroren (Gjørvkommisjonen). Ein dyktig leiar må vere oppteken av å etablere tillit, gode relasjonar og samspel, både før og etter krise, for å lykkast med det mellommenneskelege leiarskapet under krise.

Leiarskap under ei krise stiller store krav til deg som leiar. Det gjeld handtering av ein uoversiktleg situasjon, møtet med eit stort spekter av emosjonar både hos dei ramma og hjelparane, gjerne kombinert med pågåande nyheitsmedia. Kva med dine eigne følelsar og reaksjonar i ein slik samanheng, korleis handterer du dei?

Psykososial kompetanse er ein avgjerande faktor i all krisehandtering. Vi tilbyr eit program for leiarar der det mellommenneskelege perspektivet og relasjonar er i fokus. Førebuing, både mentalt og praktisk, er avgjerande når det kjem til krisehandtering.

Deltakarane i programmet får moglegheit til å lære seg sjølv betre å kjenne innanfor trygge rammer. Dette skjer ved leiartrening både i plenum og i grupper. Det blir lagt vekt på leiarrolla under kriser, stresshandtering, situasjonsforståing, kommunikasjon, samhandling og personleg utvikling.

I den siste samlinga av programmet er planlegging og gjennomføring av øvingar eit sentralt tema. Opplæringa inkluderer også handtering av både tradisjonelle og sosiale medium.

Programmet medverkar til betre psykososial kompetanse hos personar med leiarfunksjonar ved kriser og katastrofar i organisasjonar. Det vil også kunne bidra til betre teamfunksjon og auka samarbeid mellom involverte instansar. Leiarar frå ulike etatar får anledning til auka forståing for dei einskilde aktørane si rolle og funksjon ved kriser og katastrofar, og slik får dei betre samarbeid både internt og på tvers av tenester og profesjonar.

Vanskegrad og krav til gjennomføring av trening og øvingar blir lagt på eit nivå som gir både positiv erfaring og utfordringar. Både meistring og forbettringselement blir vektlagt i tilbagemeldingsprosessen. Deltaking gir høve til etablering av eit fagleg nettverk mellom deltakarar etter at programmet er gjennomført.

Forsking og erfaring viser at fellestrekk hos dyktige kriseleiarar er oppgåveorientert prioritering, kombinert med ein trygg og ærleg (autentisk) leiarstil (Nesse, 2017). Ein robust personlegdom kan også vere ein viktig føresetnad for å gjere ein god jobb som kriseleiar. Likevel, det viktigaste er trening, både under reelle hendingar og øvingar, for å bygge kompetanse og erfaring. Når det verkeleg skjer, så gjer dette ein vesentleg skilnad.

Idé og innhald i leiarprogrammet har vore gjennomgått og drøfta med erfarne leiarar frå ulike relevante instansar (kriseteam, politi og forsvaret) samt anerkjente forskarar på fagfeltet. Programmet vart fyrst gjennomført frå februar 2023 til februar 2024. Tilbakemeldinga frå deltakarane var svært positiv, noko som var ein viktig faktor for avgjerda om å tilby det ein gong til.

Praktisk informasjon

Deltakaravgift:

20.000,-

Deltakaravgifta inkluderer dagpakkar på samlingane. Utgifter til reise- og opphold er ikkje inkludert. Frist for å melde interesse er 25. februar, og svar på om du får plass kjem i starten av mars 2024. Faktura vert tilsendt etter tildelt plass, og må betalast før oppstart.

Maks 24 deltakarar.

[Lenke til interesseskjema](#)

Programutkast:

Første samling: 10. og 11. april 2024, Voss

Tema: Tryggleik og gjensidig ivaretaking

Dag 1: Presentasjon og forventningar, erfaringsutveksling

Dag 2: Oppbygging og ivaretaking av teamet. Korleis utvikle eit godt fungerande team? Leiarstøtte

Andre samling: 12. og 13. september 2024, Solstrand

Tema: Møte med stress og emosjonar

Dag 1: Ivaretaking av ulike grupper. Kaos eller samarbeid med andre instansar. Media

Dag 2: Kommunikasjon og informasjon, erfaringsutveksling. Stressmestring - dempe eget og andres stress

Tredje samling: 14. og 15. november 2024, Bergen

Tema: Etske dilemma og haldningar

Dag 1: Etikk- eit viktig leiaransvar. Kva gjer du for ikkje å trå feil når du som kriseleiar opplever eit etisk dilemma. Verdier, haldningar og erfaringar

Dag 2: Etske dilemma. Erfaringsutveksling

Fjerde samling: 22. og 23. januar 2025, Bergen

Tema: Å bli betre kjent med seg sjølv

Dag 1: Leiarstil, situasjonsforståing, avgjerder, krav til kommunikasjon

Dag 2: Kommunikasjonsstil og samspel, situasjonsbestemt leiing, konflikthandtering og anerkjennande intervju

Femte samling: 12., 13. og 14. mars 2025, Scandic Flesland

Tema: Trening og førebuing

Dag 1: Trening på planlegging av scenario, øvingsmoment og dreiebok

Dag 2: Handtering av media

Dag 3: «Øvelse gjør at du mestrer», Avslutning

Forelesarar/Programansvar:



Venke A. Johansen har mange års praksis som leder, bla. innen sykehus, høgskolesystemet og RVTS. Hun har erfaring med undervisning, forskning og veiledning på universitet og høgskole, og som prosjektleder ved flere store endringsprosjekter innen spesialist-helsetjenesten. Hun er intensivsykepleier og har en doktorgrad ved UiB, seksjon for sykepleievitenskap (2007), om psykiske reaksjoner og konsekvenser for livskvalitet etter å ha vært utsatt for fysisk vold (ikke-familievold). Hun har også utdanning innen pedagogikk, kriminologi, psykiatri, ledelse, bedriftsøkonomi og gruppeveiledning. Venke har ansvar for psykososial beredskap i regi av RVTS, og hun har en grunnleggende tro på at lederens innsats for å ivareta eget team og samarbeid med andre har en fundamental betydning.



Geir Olsen Nestleder ved RVTS Vest, sykepleier med interfakultær Cand. Mag og Master fra Uib. Har lang erfaring fra sikkerhetspsykiatri og Kompetansesenter i sikkerhets-, fengsels- og rettspsykiatri i region vest. Har jobbet mye med arbeid rettet mot kompetanseheving av arbeidstakere som møter vold og aggresjon i sitt daglige virke, i en norsk og nordisk kontekst. Prosjektleder for arbeidet rettet mot vold og aggresjon i Helse Bergen som vant KLP sin arbeidsmiljøpris i 2013. Vært engasjert i arbeidet med psykososial beredskap ved RVTS Vest siden 2014.



Tone Bergan Psykolog, utdannet ved Universitetet i Bergen, godkjent spesialist i arbeids- og organisasjonspsykologi, MNPF. Er sertifisert EuroPsy Specialist in Work and Organisational Psychology. Har masterstudie i Kunnskapsledelse fra Handelshøyskolen BI. Lang erfaring fra ulike deler av privat og offentlig sektor med arbeidsfelt blant annet innen konflikthåndtering, lederstøtte, stressmestring og arbeidsmiljøutvikling, samt mange års arbeid relatert til beredskap, kriseledelse og krisehåndtering på strategisk og operativt nivå. Har vært 7 år på verv i Spesialenheten for politisaker.

Forelesarar:



Ole Asbjørn Fauske er pensjonert Brigader. Han har blant annet erfaring fra internasjonale operasjoner med Forsvaret fra flere kontingenter i Bosnia og Herzegovina, og fra Afghanistan. Han har ledet store avdelinger i Forsvaret gjennom omstillingsprosesser. Fauske er nå President for Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner (NVIO), - landets største veteranorganisasjon.



Atle Dyregrov er professor emeritus ved Senter for krisepsykologi, Universitetet i Bergen og spesialist i klinisk psykologi ved Klinik for krisepsykologi. Han har arbeidet svært mye med oppfølging av barn og familier som opplever tap og traumer, vært involvert i oppfølgingsarbeidet etter store ulykker og katastrofer nasjonalt og internasjonalt, og skrevet en rekke bøker om sorg, traumer og katastrofer. Han ble i 2014 utnevnt til Ridder 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden for sitt arbeid på krise- og katastrofeområdet.



Olav Kjellevold Olsen er professor i arbeids- og organisasjonspsykologi ved UiB - og Handelshøyskolen BI. Olav har lang og brei erfaring som leiartrenar i privat og offentlig sektor - både innanfor innsatsyrker og næringslivet. Han har også flere års erfaring som offiser i Forsvaret. Som forskar interesserer han seg for leiing og samspel i kritiske situasjonar - og er blant landets mestpubliserande innan dette området. Han er leiar for «Forskningsgruppa for arbeidsmiljø, ledelse og konflikt (FALK) ved UiB, som har fire hovedsatsingsområder; mobbing og trakassering, destruktiv ledelse, emosjoner i ledelse og varsling. Olav er gift - og har fem barn - så han påpeker at han veit litt om kaos og kompleksitet.



Hans Kenneth Sundsbø arbeider som nå som Sjefsprest og leder Forsvarets tros- og livssynskorps i Sjøforsvaret, og har 17 års bakgrunn som prest i Forsvaret. Arbeidsområder spenner seg fra etikk, arbeidsmiljø og selvmordsforebygging, til krisehåndtering og religiøs betjening. Det å fokusere på etisk dilemmaer, holdninger og verdier er grunnleggende viktig i Forsvaret, som gjennom sin målsetting om å verne og beskytte disse verdiene, bidrar til å løfte det etiske aspektet på gjennomføringen av samfunnsoppdraget. Denne erfaringen er overførbart til andre organisasjoner som har mange ansatte. Ledere på alle nivå, som er involvert i kriser og beredskap vil ha god nytte av å fokusere på dette.



Roar Nese er utdannet cand.mag med sosialøkonomi, juss og psykologi i fagkretsen. Roar har mangeårig ledererfaring innen HMS og beredskap ved Universitetet i Bergen. Han har deltatt i utvikling av beredskapsplanverk og hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av et stort antall beredskapsøvelser. Roar har også bakgrunn som prosjektleder og revisor innen helse, miljø og sikkerhet i Arbeidstilsynet og var i 20 år tilsatt i HV spesialavdeling 016. Roar leder i dag Beredskapsrådet for kunnskapssektoren i regi av Kunnskapsdepartementet og utviklet i 2017 i samarbeid med kolleger fra Oslo Met og Universitetet i Oslo Sikresiden.no - Kriseinfo på nett. Denne gir forebyggende informasjon om sikkerhet samt hjelp til hva man skal gjøre en krisesituasjon og er i dag tilgjengelig for hele kunnskapssektoren som inkluderer ca. 48 000 personer.